



Vidaregåande skular i Hordaland

Dato: 27.07.2017

Vår ref.: 2017/1202-11

Saksbehandlar: bernyl

Dykkar ref.:

Kampanje for auka valdeltaking blant fyrstegongsveljarar

«ikkje stem»

Valdeltakinga blant fyrstegongsveljarar er lågare enn i befolkninga elles. For at dei unge stembene skal bli høyrde ved stortingsvalet i haust, er det oppretta ein kampanje («ikkje stem») som har som mål å informere om valet på ein underhaldande måte.

Kampanjen «Ikke stem! – 5 gode grunner til ikke å stemme» har som mål å auke valdeltaking blant ungdom i vidaregåande opplæring. Kampanjen er utvikla på oppdrag frå Valdirektoratet og består primært av eit humoristisk teikneseriehefte med enkel informasjon om det politiske systemet.

Teikneserieheftet handlar om eleven Robin i vidaregåande skule .Klassen til Robin skal ha valprosjekt og alle elevane får i oppgåve å finne fem gode grunnar til å stemme ved valet. Robin nekta. Hen vil heller finne fem gode grunnar til ikkje å stemme. Handlinga følgjer Robin si jakt på gode argument og inviterar leseren med på ei reise i det politiske systemet: frå stortingssalen til statsministerboligen og vidare til stemmelokala. Sjølv om Robin er sikker i si sak, vert det snart klart at det finns mange gode grunnar til å delta i valet.

Det faglege innhaldet er utarbeidd i samarbeid med Institutt for statsvitenskap ved Universitetet i Oslo og Bjerke vidaregåande skule. Teikneserieheftet kan nyttast i undervisninga, som t.d. i samband med politisk skuleval.

Valdirektoratet sender ut hefta til skulane i løpet av veke 32. Målsetjinga er at alle fyrstegongsveljarane ved skulen skal få eit hefte.

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Berit Nyland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.